

To systrer

Eit skodespel for barn og vaksne

To systrar

Roller	RISTIL, 8 år
	ASK, far til Ristil, 40 år
	RAGNHILD, 8 år
	TYRA, mor til Ragnhild, 40 år

Handlinga går føre seg på sju ulike plassar, ofte samstundes.

- 1 Hos Ristil og Ask
- 2 Hos Ragnhild og Tyra
- 3 I fjæra
- 4 Ristil sitt rom
- 5 Ragnhild sitt rom
- 6 Ask og Tyra sitt rom
- 7 Badet

To systrar

SCENE 1
TO PLUSS TO

HOS RAGNHILD OG TYRA

(Ragnhild snakkar med pappa i telefonen.)

RAGNHILD

Hallo pappa. ... Mamma har ein mann. ... Ja, han heiter Ask. Har ho sagt det til deg? ... Nei, det er dumt. Eg vil at ho skal gifte seg med Terje.

HOS RISTIL OG ASK

(Ristil snakkar med seg sjølv.)

RISTIL

Mamma, eg trur eg kanskje skal få ei ny mor her nede på jorda. Det er vel greitt for deg? Ho heiter Tyra. Vil du vite kvifor eg trur det? Pappa snakkar med henne i telefonen med kjærastestemme.

HOS RAGNHILD OG TYRA

(Tyra kjem inn med posten og riv opp ein fotokonvolutt.)

RAGNHILD

No er kalven komen.

TYRA

Uum.

RAGNHILD

Det var eg som oppdaga det.

TYRA

Åja (ser på fotografia).

RAGNHILD

Eg kom inn i fjøsen, og da såg eg at det var ei stor blå blære i rumpa på kua. Eg skjøna med ein gong kva det var, og så sprang eg opp til han Terje, for eg såg at mopeden sto attmed kjøkkentrappa, så eg visste at han var heime. (pause, ser på eit fotografi) Er det han?

TYRA

Ja, det er Ask.

To systrar

HOS RISTIL OG ASK

RISTIL

Så langt du er komen.

ASK

Ja, brått var det noko som løyste seg nede i hjørnet her.

RISTIL

Ho dama som du trefte?

ASK

Ja?

RISTIL

Er ho din ven?

ASK

Ja, vi har blitt vener.

RISTIL

Er ho din beste ven?

ASK

Kan hende blir ho det, min beste vaksne ven.

RISTIL

Ei vaksen dame kan jo ikkje vere din beste vesle ven.

ASK

Nei, det går jo ikkje. Men ho er ei triveleg dame, det trur eg du også seier når du blir kjent med ho.

RISTIL

Korleis triveleg?

ASK

Ho gjer trivelege ting som ein blir i godt humør av.

RISTIL

Har ho tenner?

HOS RAGNHILD OG TYRA

RAGNHILD

Han er skiten på buksa.

TYRA

Ein sorgtung mann med dimensjonar.

RAGNHILD

Smaken er som baken.

TYRA

Han treng meg.

(Tyra prøver å få Ragnhild til å sjå på fotografiet, men Ragnhild vender seg bort.)

TYRA

Åh! Du bryr deg berre om kyr.

HOS RISTIL OG ASK

ASK

Tenner? Ja visst har ho tenner.

RISTIL

Så fint. Da slepp du å lage spesialmat til ho.

ASK

Ho har ei jente som er nett så gammal som deg. Ho heiter Ragnhild. *(pause)*
Kanskje kan vi dra på tur ein dag, i lag med Ragnhild og mor hennar.

HOS RAGNHILD OG TYRA

TYRA

Han har ei jente som også er åtte år. Dei bur i byen. Ho heiter Ristil.

RAGNHILD

Ristil, er det eit namn?

TYRA

Ja, eit sjeldan namn.

To systrar

RAGNHILD

Det høyrest ut som ein blome som står i snøen.

TYRA

Du har heilt fantastisk fantasi! Blome i snøen! Korleis finn du på slike? Enn Tyra da, korleis er det?

RAGNHILD

Det er sånn fort, og så slår det ned.

TYRA

Enn Ragnhild?

RAGNHILD

Det er sånn utover.

TYRA

For ein fantasi du har! Den må du hugse på å ta vare på. Enn Ask?

RAGNHILD

Ingen ting.

TYRA

Ser du ingen ting når du tenkjer på Ask?

RAGNHILD

Nei, det er berre sånn "ferdig med det".

HOS RISTIL OG ASK

ASK

Er du klar?

RISTIL

Eg ventar berre på deg.